



Ogarkitekter - Petur Magnason

Dato: 20.05.2016
Vår ref.: 2016/4597-3
Saksbehandlar: HANVIE_
Dykkar ref.:

Fråsegn til oppstart av reguleringsplan- Risøy hyttelag - Lindås kommune

Vi viser til brev datert 29.04.2016 om høyring av forslag til detaljregulering for Risøy hyttelag gnr. 81, brn 10, 11 m.fl. Lindås kommune. Hovudføremålet i planen er fritidsbustader. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til fritidsbustad.

Hordaland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettsidene våre: www.hordaland.no.

Vurdering

I det vidare planarbeidet vil vi leggje særleg vekt på:

- Areal og transport
- Arkitektur og estetikk
- Friluftsliv
- Folkehelse
- Kulturminne og kulturmiljø
- Landskap
- Naturmangfald
- Strandsone

Meir om landskap

I nord ligg planområdet innafor landskapsområde Lurefjorden. Landskapet er registrert med svært stor verdi. I sør ligg planområdet innafor landskapsområde Lauvøyi- Straumsosen, der det er registrert landskap med stor verdi. Vi ber om at det vidare planarbeidet har særleg omsyn til at byggjetiltaka og infrastruktur vert utforma slik at dei innordnar seg landskap og terreng og at det leggest vekt på at tiltaka plasserast slik at eventuelle nær og fjernverknader vert redusert.

Meir om friluftsliv og strandsoner

Vi minner om at planområdet ligg i strandsona og omfattar det regional friluftsområdet Hopssundet-Mjåsundet. Friluftsområdet er registrert med regionale verdiar i strandona. Planområdet ligg også tett inntil det regionale friluftsområdet Lindåspollane-Lygra som er registrert med svært viktige regionale verdiar i strandsona. Vi minner om at strandsona er ein avgrensa ressurs der det er viktig at omsynet til ålmenn

tilgjenge vektleggast sterkt. Dette kjem fram av både plan og bygningslova §1-8, dei nasjonale retningslinjene for forvaltning av strandsona og dei arealpolitiske retningslinjene i fylkesplan for Hordaland. Vi ber om at det vert skildra korleis planen sikrar allmentas tilgjenge til strandsona og minner om at byggjegranser mot sjø må synast tydelig i planframlegget.

Meir om kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern. Dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Hordaland fylkeskommune ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teken omsyn til i det vidare planarbeidet. Ein bør søkje å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi i planområdet. Ut frå potensiale for nye funn frå steinalder i planområdet, må vi gjennomføre ei synfaring før vi kan gje fråsegn til planen. Vi gjer merksam på at det vil vere ein fordel for tiltakshavar å klarleggje spørsmål omkring kulturminneverdiar i området på eit tidleg tidspunkt i planprosessen.

Ved synfaringa vil ein vurdere om tiltaket kan kome i konflikt med hittil ikkje registrerte automatisk freda kulturminne, og ta stilling til om det er naudsynt med ei arkeologisk registrering for å få oppfylt undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova. Synfaringa av planområdet vil bli gjort så raskt som råd.

Då planen har areal i sjø har saka vore lagt fram for Bergens Sjøfartsmuseum. Sjøfartsmuseet kjenner ikkje til marine kulturminne som kan bli råka av tiltak i reguleringsområdet.

Konklusjon

Hordaland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på areal og transport, arkitektur og estetikk, friluftsliv, folkehelse, landskap, naturmangfald, strandsona, kulturminne og kulturmiljø.

Eva Katrine R. Taule
kst. plansjef

Hanne Kathrin Vie
saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Saksbehandlar:

Hanne Kathrin Vie, Planseksjonen, Regionalavdelinga

Monika Cecylia Serafinska, Fylkeskonservatoren, Kultur og idrettsavdelinga